

Innspel til Kunnskapsdepartementet si nasjonale ekspertgruppe om digital læringsanalyse i grunnopplæringa.

- **Korleis påverkar digital læringsanalyse læringa:**
 - Kan gi innblikk i læringsprosessane til elevane og såleis betre opplæringa
 - Kan gi betre opplæring på digitale flater – meir kvalitet
 - Erfaring viser at lærarane blir meir passive og stoler for mykje på data/resultat som kjem frå den digitale læringa.
 - Dei vel å gjere andre oppgåve, som sosiale, og lener seg på at dataprogrammet fikser vurderinga av eleven.
 - Kan elevane bli pressa inn i ein bestemt standard, med bestemte oppgåvetyper o.l.? Stor preg av drilling på same type oppgåver, lite fokus på kreativitet.
 - Eit vanleg problem med AI er at lærarar ikkje har innsyn i kva som fører til kva reaksjon av programmet, og forstår derfor ikkje prosessen.
 - Fare for at ytre motivasjon slike system legg opp til kan føre til meir ytre motivasjon og mindre motivasjon for dei som vil arbeide langsiktig.
 - Enkelte elevar utviklar strategiar for å raskt få belønning i form av diamantar el.l. Dette gjer at dei får kred frå andre elvar i klassen som flinke, og stigmatiserer andre elevar som ikkje er raske nok måndagen når poengtavla er blanka ut.
 - Det er ei oppleving av at kopling til føresette er dårleg, og det er behov for å ha auka fokus på dette. Det kan vere vanskelegare for føresette å delta i skulen og støtte borna sine ved utstrekt bruk av digitale verktøy. Korleis føresette kan bidra er lite prioritert i utviklinga av digitale læremiddel. Dette er ofte den siste delen som blir utvikla, om det skjer i det heile tatt.
- **Kva er utfordringane:**
 - Sjå punkta i spørsmålet over

Kva er potensialet:

- Frigjering av tid til andre kreative oppgåver, samtalar osv
 - Lik vurdering for alle
 - Same opplæring for alle uavhengig av kvar ein bur
 - Oppgåver på same nivå – den proksimale sona
 - Samle data på tvers
 - Kan lage betre profilar av elevane og gi meir tilpassa opplæring
 - Medvit knytt til digital læring og bruk av teknologi
- **Korleis kan regelverket gi rett støtte til sektoren?**
 - Sikre bruk av lagring og bruk på rett måte
 - Gi føringar for bruken og slik sikre at ein møter ulike behov som elevane har som også må ha praktiske element
 - Ramme inn bruken: Få fram at dette ikkje er einaste/viktigaste for å måle elevane sin kompetanse – viktig å ha fleire og varierte måtar å måle kompetanse på
 - Det er viktig å ha gode rammer for samarbeid mellom føresette og skule

- Lag eit felles system for å lagre info som skal til føresette, som kan støtte elevane.
- **Kva kompetanse treng utdanningssektorane for å gjere gode vurderingar om digital læringsanalyse?**
 - God og enkel informasjon ut til sektoren
 - Viktig å sjå til eksisterande internasjonal forskning på dette som også kan vidareformidlast ut til sektoren.
 - Det er behov for meir forskning:
 - Rom for variasjon – kor mykje tid passar det til å bruke dette i opplæringa – mål på kor lenge det er gunstig å bruke på dette?
 - korleis finne ein god balanse mellom trykt og digitalt, også generelt.
 - Treng generell digital kompetanse:
 - Det er eit sprik mellom dei som brukar digitale verktøy og dei som ikkje gjer det. Dette vil auke med meir bruk av digital læringsanalyse. Dei som underviser i utdanningssektoren må kunne faget og didaktikken, og digitaldidaktikk OG den digitale læringsanalysedelen. (Kva blir målt og kva blir ikkje målt?) For nokon vil dette bli eit kjempesprang
 - Å vere klasseleiar i teknologitette klasserom, med vekt på vidaregåande opplæring
 - Generell kompetanse knytt til digitalisering og til læringsanalyse
 - Kunnskap om maskinlæring
 - Krav til utviklarar/leverandørar
 - Standardisering av data – metadata – kva blir dette brukt til, må utvikle felles forståing for analysen – kva blir samanlikna – bør det vere ei standardisering på tvers av læringressursar? Vurdering osv